



LINDÅS KOMMUNE

Kopi. VEDLEGG TIL  
SØKN. OM I.G.

22/3-16  
Ⓜ

mottatt 22/4-13  
29-March-2016

**Byggesak**

Besøksadresse: Kvernhusmyrane 41  
Telefon: 5637 5000 Telefaks 5637 5001  
Postadr.: Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø  
E-post: postmottak@lindas.kommune.no  
Heimeside: www.lindas.kommune.no  
Kartside: www.nordhordlandskart.no  
Org.nr: 935 084 733 Bank: 1503 22 54567

Ing. S.Hallgren VVA-planlegging as

Tjuvikveien 4  
5108 HORDVIK

Dykkar ref. Sakshandsamar:  
Siril Sylta

Vår ref. Telefon  
2013/537 - 0 -  
8234/2013

Arkivkode: Dato:  
56/58 18.04.2013

*Delegert sak*

**Rammeløyve - gbnr 56/88 og 153 Hundvin**

Kommunen gjev rammeløyve til etablering av atkomstveg, vatn- og avløpsanlegg for tilrettelegging av bustadfelt Hundvintrinn 3 som omsøkt og vist på teikningar, kart og skildring mottatt 16.09.2011, 03.04.2012, jf plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Løyvet omfattar også godkjenning av søknad om ansvarsrett som vist under avsnittet «Ansvar og kontroll».

I vedtak datert 12.12.2012 vart det i Plan- og miljøutvalet gjeve dispensasjon frå plankravet i kommuneplanens arealdel for etablering av veg og frå reguleringsplanen til oppføring av pumpestasjon.

Det er motteken merknader frå Hundvinfeltet vellag datert 10.09.2011 og frå Bjarte Bakke Pedersen og Øyvind Myhr i brev datert 19.03.2012.

Tiltaket vert ikkje tillete satt i gang før det ligg føre løyve til igangsetjing.

Igangsetjingsløyve vert gjeve etter at fullstendig søknad etter pbl§ 21-2 femte ledd er sendt inn og kontrollomfang er definert.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast.

**Ansvar og kontroll:**

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Føretak	L/S*	Funksjon/Tiltaksklasse/Ansvarsområde
Ing. Sten Hallgren VVA-planlegging AS	S	SØK/2/
Ing. Sten Hallgren VVA-planlegging AS	S	PRO/2/anleggstiltak og installasjonar

\* S = sentral godkjenning, L = lokal godkjenning



### **Søknaden:**

Omsøkte tiltak inneber opparbeiding av tilkomstveg, regulert veg 4, og atkomstveg til ny slamavskiller på gbnr 56/153. Tiltaket inneber at det skal opparbeidast VA -anlegg i feltet, avløpspumpestasjon, ny slamavskiller, tilknytning til eksisterande utslippsledning, tilknytning av eks. avløpsanlegg, demontering og i gjenfylling av eksisterande slamavskiller, tiltak i anleggsfasen for omlegging av eks. VA anlegg m. v.

### **Nabotilhøve og andre sine kommentarar:**

Det er føreteke nabovarsling i samsvar med reglane i plan- og bygningslova § 21-3, og det er registrert merknader frå Hundvinfeltet vellag på vegne av bebuarane i Hundvinfeltet og frå Øyvind Myhr og Bjarte Bakke Pedersen.

Merknadene frå Hundvinfeltet vellag går i hovudsak på vegbredde og fortau langs vegen. Merknadane frå Bjarte Bakke Pedersen og Øyvind Myhr går i hovudsak på forhold vedr. strandsonevern og høgde vedr. planering av tomter m.m.

Merknadane er besvart i brev frå ansvarleg søkjar, og ein finn ikkje grunn til at merknadane har verknad for omsøkte tiltak. Merknadane vert ikkje teken til følge.

### **Plangrunnlag:**

Området der pumpestasjonen er vist plassert er avsett til leik i reguleringsplan for Hundvin Alt. 3 vedtatt 08.05.2003. Området der vegen er søkt etablert ligg innanfor kommunedelplan for Lindåsosane og kommuneplanen 2003-2014 gjer seg dermed gjeldande her. Området er avsett til byggeområde, og tiltaket kjem i strid med plankravet i kommuneplanens arealdel § 2.1.

### **Uttale frå andre mynde:**

Dispensasjonsvedtaket frå Plan- og miljøutvalet vart oversendt til Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering. Klage er ikkje motteken.

### **Dispensasjonar:**

Dispensasjon frå reguleringsplan og kommunedelplan vart handsama av Plan- og miljøutvalet i møte 12.12.2012, der følgjande vedtak vart fatta.

#### ***Vedtak i plan- og miljøutvalet - 12.12.2012***

*Plan- og miljøutvalet gjev klagar medhald og gjev dispensasjon frå krav i reguleringsplan og kommuneplan.*

*Dette fordi fordelane er klart større enn ulempene. Det er viktig at det er tilgjengeleg byggeland i bygda. Dette feltet ligg utanfor pressområda i Lindås kommune og derfor er det viktig at tilgjengeleg byggeland vert nytta.*

*Plan- og miljøutvalet krev at utbyggar finn erstatning for det arealet som vert vekke ved ei framtidig regulering av areal i sør (56/153)*

**Oppsummering og konklusjon:**

Omsøkte tiltak skal oppførast og byggast i tråd med innsendte søknad og dokumentasjon, i tråd med gjeldande regelverk, standardar og normer.

**Gebyr:**

Søknadspliktige tiltak vert gebyrlagt i medhald av kommunen sitt gebyrregulativ 2011.

Skildring	Antal	Beløp
C.5.2.a 1 Veg og anlegg	1	11.900
C.5.2b2 Tilleggsgebyr	1	2.500
Totalt gebyr å betala		14.400

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing



Einar Urheim  
fagleiar byggesak



Siril Sytta  
rådgjevar

Kopi til:

Lindås Tomteselskap AS	Hagellia 4	5914	ISDALSTØ
Hundvinfeltet vellag v/Ola Berntsen Ese	Fagervollen 36A	5956	HUNDVIN
Bjarte Bakke Pedersen	Fagervollen 27	5956	HUNDVIN
Øyvind Myhr	Fagervollen 29	5956	HUNDVIN